



# DEN NORSKE KYRKJA

Møre bispedømeråd

Kirkerådet, Mellomkirkelig råd, Samisk  
kirkeråd  
Postboks 799 Sentrum

0106 OSLO

Dato: 20.03.2023

Vår ref: 22/04545-3

Dykkar ref:

## Høring - adgangen til å vektlegge samlivsform ved tilsetning i Den norske kirke

Bispedømerådet skal i denne saka gi svar på høyring om tilsettingsorgan i Den norske kyrkja (kyrkjelege fellesråd, sokneråd og bispedømeråd) framleis skal ha adgang til å legge vekt på samlivsform ved tilsettingar.

Stiftsdirektøren legger høyringsnotat av 20/12-22 frå Kyrkjerådet til grunn i dei vurderingane som blir gjort i dette saksframlegget.

Møre bispedømeråd gjorde den 12/9-22 i sak 53/22 slikt vedtak: Møre bispedømeråd har i sine utlysingstekstar over tid informert om at opplysningar om samlivsform kan bli innhenta og vektlagt ved tilsetning, jfr Likestillings- og diskrimineringslova §30. Formulering i utlysingstekstar om samlivsform vil for framtida bli tatt bort.

### **Møre bispedømme fatta møtet 20.03.2023 sak 19/23 følgjande vedtak:**

1. Møre bispedømmeråd støtter Kyrkjerådet sitt forslag om at Kyrkjemøtet skal binde tilsettingsorganene i heile trussamfunnet gjennom følgjande vedtak: «Tilsettingsorganer i Den norske kirke skal ikke forskjellsbehandle søkere på grunn av likekjønnet samlivsform.»
2. Møre bispedømmeråd ser dette som eit viktig tiltak for å sikre at alle som ynskjer seg jobb i den norske kyrkja skal kjenne seg trygge på at dei har like muligheter til å bli tilsett uavhengig av om dei lever i likekjønna eller ulikekjønna samliv, og uavhengig av kvar i landet dei bur.
3. Møre bispedømmeråd støttar at dette i neste omgang vert synleggjort og regelfesta i felles personalreglement for Den norske kyrkja, jmf vedtaket i sak KM 10/22 Kirkelig organisering.

Med helsing

Anne-Marit Hagelund

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

Postadresse:  
Moldetrappa 1  
6415 MOLDE

E-post: more.bdr@kirken.no  
Web:  
Org.nr.:818 066 872

Telefon: +47 71250670  
Telefaks:

Sakshandsamar  
Anne-Marit Hagelund

Mottakere:

Kirkerådet, Mellomkirkeleg råd, Samisk  
kirkeråd

Postboks 799  
Sentrum

0106 OSLO